



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Oppvekst- og kulturutvalg

**Møtested:** Formannskapssalen, 3. etg.

**Møtedato:** 17.11.2015

**Tidspunkt:** 08:30 - 12:00

**Til behandling:** Saksliste nr. 040/15 - 049/15

#### Medlemmer:

SP - Olav Horn (Leder)  
AP - Terese Gjerde (Nestleder)  
FRP - Ronny Mobakken (Medlem)  
H - Linda Vika (Medlem)  
KRF - Dag Almenning (Medlem)  
V - Daniel Gangeskar (Medlem)

#### Varamedlemmer:

TVLV - Even Halsør (Varamedlem)

#### Fra administrasjonen møtte:

Rådmann Knut Ove Leite  
Økonomisjef Norvall Bakke  
Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre

#### Forfall:

TVLV - Malene Lunde Sætren (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 7

Måløy 17.11.2015

Knut Ove Leite  
Rådmann

Dagny-Ann Gangeskar  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
040/15	Godkjenning av møteprotokoll	
041/15	Dialogmøte mellom barnehagane og politikarar valgperioden 2015-2019	
042/15	Drøftingssak - Økonomiplan 2016 - 2019 Vågsøy kommune (2)	
043/15	Referatsaker	
044/15	Kulturpris, idrettsstipend og musikkstipend 2015	Unntatt offentlighet
045/15	Drøftingssak - Flytting av kulturskulen til Nordfjordhallen	
046/15	Etablering av klatrepark - Vågsøy	
047/15	Måløyraidet opplevingssenter - søknad om økonomisk støtte til heis i Heradsheim	
048/15	Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene - Valg av kommunen sine representanter 2015-2019	
049/15	Samarbeidsutvala på skulane - val av kommunen sine representantar på Bryggja skule 2015-2019	

Leiar ønsker eit ekstra saksnummer for orientering som kan takast opp i løpet av møtet, for framtidige saklister.

Dagens orientering:

- Leiar orienterte om boksleppet «Folk før» av Kjell Askeland.
- Politikaropplæring for medlemmane i Oppvekst- og kulturutvalet.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	040/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1360	<b>Saksansvarlig:</b> Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknad.

### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes godkjent.

OK-040/15

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møtebok frå forrige møte er sendt på epost og ligg i politikarportalen under «Mine referater»



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	041/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1332	<b>Saksansvarlig:</b> Torill Furnes Myhre
---	--------------------------------	--

## Dialogmøte mellom barnehagane og politikarar valgperioden 2015-2019

Ein ynskjer med dette å åpne for ein god dialog mellom oppvekst- og kulturutvalet og barnehage kring følgande tema: Kvalitet i barnehagen.

Det vert innleing om tema ved styrarane i Skarevik barnehage i forkant av drøftingane.

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Styrar i Holvik barnehage Line Hodnefjell informerte om Holvik barnehage og midlertidig løysing med drift av barnehagen i Vågsvåg.

Rita Lote Mobakken og Janne Halsør informerte om kvalitet i barnehagane.

#### Votering

Ingen votering.

OK-041/15

#### Vedtak:

Ingen vedtak.

#### Skriv inn drøftinger her

Tekst



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	043/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1359	<b>Saksansvarlig:</b> Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

### Referatsaker

### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre svarte på spørsmål.

### Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-043/15

### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/11713	I	13.10.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet	Høring - Endringer i opplæringsloven - frist 14.12.2015
2	15/11405	I	30.09.2015	Musea i Sogn og Fjordane	Driftstilskot for 2016 til Musea i Sogn og Fjordane Ny søknadsfrist for kompensasjon av merverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg - frist 01.03.2016
3	15/11536	I	06.10.2015	Det kongelige kulturdepartementet	Kunngjøring av tilskudd til nasjonale minoriteter og til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur
4	15/11976	I	20.10.2015	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	IKT-plan oppvekst for Nordfjordkommunane 2015-2018
5	15/12067	X	23.10.2015		

6	15/12099	X	23.10.2015		Oppsummering og referat etter tryggleiksvandring på Raudeberg 20.10.2015
7	15/12785	I	06.11.2015	FAU v/Raudeberg skule	Innspill fra FAU til trygging av skolevei.
8	15/12184	I	27.10.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Den kulturelle skulesekken (DKS) - fordeling av spelemidlar for 2015 - 2016
9	15/11890	I	19.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Forvaltning av det statleg sikra friluftsområdet på Moldøen, Vågsøy kommune
10	15/12322	X	30.10.2015		Møtebok frå møte i SU/SMU Holvik skule 26.10.2015
11	15/12603	I	04.11.2015	Flora kommune	Tilsynsrapport av Vågsøy ungdomsskule
12	15/12439	I	02.11.2015	Utdanningsdirektorat et	Høring i endringer i læreplan for Vg2 brønnteknikk - frist 01.02.2016
13	15/12693	I	04.11.2015	Utdanningsdirektorat et	Høring - forslag til revidert læreplan for programfaget historie og filosofi - frist 05.02.2016
14	15/12612	I	04.11.2015	Det kongelige kunnskapsdepartementet	Ny vidareutdanningsstrategi



## Vågsøy kommune

### Sakspapir

Unntatt offentlighet Utsett innsyn

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	044/15

<b>Endeleg vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1141	<b>Saksansvarleg:</b> Dagny-Ann Gangeskar
--	--------------------------------	--

### Kulturpris, idrettsstipend og musikkstipend 2015



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	045/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1362	<b>Saksansvarlig:</b> Odd Gunnar Myhre
---	--------------------------------	---

### Drøftingssak - Flytting av kulturskolen til Nordfjordhallen

I samband med at stiftinga Måløyraidsenteret skal overta Heradsheim må kulturskolen flytte.

Lokala som vi har hatt på Heradsheim har ikkje vore tilrettelagt for å drive kulturskule. Det er mellom anna ikkje lagt til rette for universell utforming. Bygget er slitt og det er dårlege fasilitetar både for elevar og tilsette. Det som har vore positivt er at vi har hatt eigne lokale og at det er plassert i sentrum med kort vei til nærmaste barneskule.

Kulturskolen er i framtida tenkt lokalisert saman med ny ungdomskule men i mellomtida er det trong for ei midlertidig plassering. Notatet er utarbeidd med tanke på å synleggjere dei utfordringane det medfører.

Alle kommunar er pliktige til å ha eit kulturskuletilbod men det er ingen som er pliktige til å nytte seg av tilbodet. Derfor må kulturskuletilbodet vere så attraktive at nokon faktisk søker om å få gjere seg nytte av det.

#### Litt om planlegging og inntak

For å kunne starte undervisninga tidlig på ettermiddagen så har vi plassert dei elevene som har kortast veg til skulen fyrst. Sidan skulen har vore i Måløy har elevar frå Skram gjerne vore plassert tidleg på dag. Det at vi har hatt skulen i Måløy har nok ført til at det har vore ei overvekt av elevar frå Måløy som har søkt plass ved på kulturskolen, fordi dei har hatt moglegheit til å komme til kulturskolen utan at foreldre må køyre dei. Vi prøvar så langt det går å fordele inntaket slik at vi har ein god miks av elevar både med tanke på kjønn, alder og geografi. Stort sett alle som har søkt på piano, gitar og song har fått eit tilbod. Det er i hovudsak på kunst og formingsaktivitetar vi har hatt venteliste.

#### Flytting til Nordfjordhallen

Rådmannen har bestemt at kulturskolen midlertidig skal plasserast i Nordfjordhallen. Musikk tilboda skal gjennomførast i 2 etasje i fotballhallen og formingsaktivitetane i lokala som er under kantina. Desse vert lagt til rette for formingsaktivitetar også for VUS. I tillegg vil vi og ha tilgang til kultursalen.

Fasilitetane er nok betre enn det som vi har hatt på Heradsheim men dei er ikkje optimale. Romma som er tenkt som undervisningsrom for musikk er bygd som kontor/møterom.

Det at vi flytter midt i eit skuleår gjev nokre ekstra utfordringar. Elevane er søkt inn og har fått tildelt tid ut i frå at tilbodet var i Måløy. For nokre vil dette skape utfordringar på grunn av at føresetnadane endrar seg. Til dømes kan nokre få utfordringar med logistikk fordi foreldre må køyre borna.



Kulturskulen vil så lang som råd prøve å legge til rette for å tilpasse undervisningstidene etter elevane sine ynskjer. Vi er i gong med å kartlegge lokale til å ha noko undervisning i Måløy ut skuleåret. Dette er aktuelt for song, piano og gitar. For kunst og formingsfag vurderer vi det slik at det ikkje er eigna lokale i Måløy, og at ein heller ikkje ønskjer belastninga med å flytte enno ein gong.

I utgangspunktet ynskjer vi ikkje å desentralisere tilbodet men vi må sjå om det også neste skuleår er mogleg og hensiktsmessig å legge til rette for undervisning for nokre av disiplinane både i Måløy og i Nordfjordhallen. For nokre elevar vil det vere ein fordel å få undervisning i Nordfjordhallen, kanskje kan undervisninga kombinerast med at dei er på andre aktivitetar. Elevane som bur i nærleiken av Nordfjordhallen vil og få kortare skuleveg.

Vi veit lite om dei lokala vi skal få bruke til kunst og formingsaktiviteter. Når ungdomsskulen skal flyttast inn der må vi samkøyre oss med deira bruk. Å ikkje ha eigne lokale vil medføre at vi må bruke meir av undervisningstida til elevane på rigging og rydding. Kulturskulen treng eige lagerrom, som kan låsast av slik at elevarbeida til Kulturskulen kan lagrast trygt. Vi har og trong for å lagre særskilt utstyr/materiell. Vi har behov for vask i undervisningsrommet og det bør ikkje vere langt til nærmast toalett, dei yngste elevane våre er bare 6 år.

Det er viktig å få ein lovnad om at lokala som er tenkt ombygd i Nordfjordhallen til undervisningsrom for formingsaktivitet står klare når Kulturskulen treng dei i starten av januar 2016. Elevane vil og miste litt undervisningstid i samband med flyttinga. Vi må nok stenge skulen litt før jul og så bruke fyrste veka etter nyttår å kome i orden.

## **17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg**

### **Møtebehandling:**

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre orienterte og svarte på spørsmål.

Utvalet ønsker at kulturskulen vert mest mulig samlokalisert og ikkje delt på ulike lokalitetar.

### **Votering**

Ingen votering.

OK-045/15

### **Vedtak:**

Ingen vedtak.

### **Skriv inn drøftinger her**

Tekst



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	046/15
Formannskap	19.11.2015	139/15
Kommunestyre	10.12.2015	

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/224	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	-------------------------------	---

## Etablering av klatrepark - Vågsøy

### Rådmannen si innstilling

1. Då det ikkje har lukkast å finne eigna tomt til klatreparken i sentrum, vert den plassert på Måløy stadion i tråd med kart i saksutgreiinga.
2. Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til 1 250 000 kroner, finansiert ved ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tenesteleiar for kultur Odd Gunnar Myhre svarte på spørsmål.

Framlegg til vedtak:

1. Lokalisering av klatreparken vert utsett. Det vert nedsett ei nemnd for å vurdere aktuelle sentrumsnære tomtealternativ.  
Desse vert valde: Terese Gjerde (leiar), Linda Vika og Ronny Mobakken.  
Tilråding frå nemnda blir å legge fram i Oppvekst- og kulturutvalet innan første halvår 2016.
2. Som rådmannen si innstilling i pkt 2. «Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til 1 250 000 kroner, finansiert ved ubrukte lånemidlar frå tidlegare år»
3. Gjennomføring av prosjektet vert teken stilling til i samband med utarbeiding av Økonomiplan 2016-2019

### Votering

Utvalet røysta samrøystes i mot over pkt. 1 i rådmann si innstilling.

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak pkt 1, pkt 2 og pkt 3

OK-046/15

## Vedtak:

1. Lokalisering av klatreparken vert utsett. Det vert nedsett ei nemnd for å vurdere aktuelle sentrumsnære tomtealternativ.  
Desse vert valde: Terese Gjerde (leiar), Linda Vika og Ronny Mobakken.  
Tilråding frå nemnda blir å legge fram i Oppvekst- og kulturutvalet innan første halvår 2016.
2. Som rådmannen si innstilling i pkt 2. «Det er i prosjekt 4043 klatrepark i Vågsøy løyvd kroner 750 000. Dette vert auka med kroner 500 000 til 1 250 000 kroner, finansiert ved ubrukne lånemidlar frå tidlegare år»
3. Gjennomføring av prosjektet vert teken stilling til i samband med utarbeiding av Økonomiplan 2016-2019.

## Bakgrunn for saka

I kommunestyret 19.06.2014 vart prosjekt 4043 – klatrepark i Vågsøy godkjent. Klatreparken skulle etablerast i parken ovanfor postkrysset. Vågsøy kommune ved kulturetaten søkte 30.01.2015 om dispensasjon for etablering av klatrepark i Måløy sentrum. Området omfattas av reguleringsplan for Måløy sentrum vedtatt 24.03.1994. Kommunen ved formannskapet gav dispensasjon til tiltaket 12.03.2015 i sak F- 031/15. Kommunen mottok klage frå naboar 09.04.2015 og den vart handsama i formannskapet 23.04.2015 i sak F-40/15. Det vart vedteke å ikkje ta klagen til følge. Klagen vert då sendt vidare til Fylkesmanne den 04.05.2015. I brev frå Fylkesmannen 24.08.2015 har Fylkesmannen gjort følgjande vedtak:

*«Fylkesmannen tar klagen til følge, og vi omgjør Vågsøy kommunes dispensasjon til tiltaket 12.03.2015 i sak F-031715, slik at dispensasjon til tiltaket avslås».*

Kommunen må derfor finne ny lokalisering til klatreparken.

## Saksopplysningar / fakta

I saksutgreiinga som vart lagt fram i kommunestyret 19.06.2014 var rådmannen si innstilling å etablere klatreparken på området mellom gate 2 og 3 sør for brannstasjonen. Området er regulert til leikeplass og kan såleis nyttast til formålet. Politikarane ynskte å få parken endå meir sentrumsnær og bestemte seg for området ovanfor postkrysset. Naboane klaga vedtaket inn for fylkesmannen og kommunen fekk ikkje løyve til å etablere klatreparken der.

Ei viktig finansieringskjelde for å få etablert klatreparken er at vi kan søkje om spelemidlar. Vi må då eige grunnen eller få ei avtale på bruk av grunn til formålet i 20 år. Det gjer det utfordrande å nytte private eigedomar, området må og vere regulert til formålet. Fylkeskommunen har og sagt at parken bør vere på minimum 250 kvadratmeter.

Sparebankstiftinga går og inn med 250 000 kroner i tilskot til klatrepark, dei set som føresetnad at klatreparken skal vere sentrumsnær men det er opp til kommunen å definere kva som er sentrumsnært. Klatreparken må og ha ei viss utforming for å få støtte frå Sparebankstiftinga.

Det området som er nærmast sentrum og som er regulert for formålet er leikeplassen mellom gate 2 og 3 sør for brannstasjonen. Dette var rådmannen si innstilling då saka vart lagt fram i 2014.

Å plassere klatreparken på Måløy stadion kan vere eit alternativ. Anlegget har nettopp blitt oppgradert med kunstgras og tartandekke, og det vil derfor bli mykje meir aktivitet der gjennom året.

Sentrumsparken er stor nok til ein slik park med det vil legge beslag på mesteparten av parken. Området er regulert til park og vi kan då kome i same situasjon som ved parken i postkrysset.

Uteseksjonen skal flytte frå Moldøen. Det har vore forslag om å utvikle ein aktivitetspark på dette området. Då kunne klatreparken vore eit av tilboda. Området må då regulerast om til formålet. Dette kan skje i samband med områdeplanen. Den vil truleg vere klar til sommaren. Det statleg sikra friluftsområdet Moldøen som kan og vere aktuelt. Der har kommunen fått eit pålegg med fylkeskommunen om å utarbeide ei forvaltningsplan med frist 1. mai. Om vi får løyve til å etablere eit slikt anlegg inn på det statleg sikra friluftsområdet må takst inn i den planen og avklarast med Fylkesmannen.

Andre alternativ kan vere på ein av grunnskulane eller på ein offentleg leikeplass. Det er fleire offentlege leikeplassar i Vågsøy mellom anna eit stort område på Tennebø ved hovudvegen mellom Måløy vidaregåande skule og Skavøypoll skule. Skavøypoll Idrettslag er i gang med eit stort prosjekt der dei utviklar området rundt Skavøypoll stadion til eit anlegg for leik og fysisk aktivitet. Ved å etablere klatreparken i tilknytning til Nordfjordhallen og Skavøypoll stadion vil vi få eit kompakt og allsidig aktivitetsområde.

Det er søkt om tippemidlar men vi fekk ikkje tilsegn i 2015, søknaden er formelt i orden og vil bli fornya i 2016. Når kommunen kan vente og få spelemidlar er vanskeleg å seie. Forskotering av spelemidlar kan finansierast ved bruk av ubrukte lånemidlar tidlegare år. Anlegget vil kunne få 300 000 kroner i tippemildar. Sparebankstiftinga har gjort eit vedtak på at dei vil støtte alle kommunane som ynskjer å etablere klatrepark med 250 000 kroner. Gjennom tilskot frå Sparebankstiftinga og spelemidlar kan vi få 550 000 kroner i eksterne tilskot til prosjektet.

Prisane som dannar grunnlaget for prosjektet vart henta inn i 2013. Mange kommunar som har sett i gang prosjekt med klatrepark har opplevd ei stor prisauke på anlegga. Sparebankstiftinga sendte 30.10.2015 ut ein epost til alle kommunane der dei skriv følgjande:

«I samband med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt tilbod om bidrag til klatreparkar i heile fylket, er vi gjort kjent med at fleire kommunar har opplevd å få anbod som ligg langt over dei kostnadane som låg til grunn når bidraga frå Sparebankstiftinga vart fastsett (250.000 kr for første klatrepark, og evt. 125.000 for klatrepark nr 2).

Det er naturlegvis mange faktorar vi ikkje har oversikt over som spelar inn når dei einskilde anlegga skal prisast. Men med ei auke i den storleiken vi har fått presentert, er vi uroa for at auken dels skuldast presset på leverandørleddet skapt av den store etterspurnaden. Og sjølv om ikkje Sparebankstiftinga har noka rolle i høve til anbod/oppføring, kan vi oppfatast som indirekte å ha medverka til eit prispress, dersom vårt tilbod til kommunane har blitt oppfatta som ei tidsavgrensa moglegheit.

Sparebankstiftinga ønskjer difor å presisere ovanfor kommunane at tilbodet om bidrag til klatreparkar IKKJE er tidsavgrensa, men vil gjelde i overskueleg framtid. Kommunane står dermed fritt til å vurdere evt. utsetjing opp mot det totale kostnadsbiletet.»

Mange har brukt «heilstøypt» fallunderlag i klatreparkane. Dette krev mykje mindre vedlikehald men det kostar om lag 400 000 kroner meir i innkjøp. Bark som mange har brukt må «trommlast» opp jamleg for at den skal fungere som fallunderlag.


Investeringsramma i prosjekt 4043 er sett til kroner 750 000 eks mva. Meirverdiavgifta blir refundert i investeringsrekneskapet og treng derfor ikkje eiga finansiering.

## **Vurdering / konsekvensar**

Det kan vere utfordrande å finne ei plassering i tilknytning til Måløy sentrum. Då må det eventuelt vere vilje til å gjere om på areal som til dømes parkeringsareal eller parkareal. Arealet mellom gate 2 og gate 3 sør for brannstasjonen er det området som er mest sentrumsnært og regulert til

formålet. Å få så langsiktige avtaler som ein må ha på bruk av privat grunn for å få spelemidlar er lite truleg. Uansett må det arealet vere regulert til formålet.

Å legge anlegget til Måløy stadion vil vere eit stort løft for området, og ein flott måte å vidareutvikle anlegget slik at det vert tilbod for fleire aldersgrupper. Det er bare ei plassering som er aktuell ved Måløy stadion og det er området mellom løpebana og grusbana i det nordaustlege hjørnet. Anlegget kjem tett på løpebanene og grusbana/parkeringsplassen. Det kan oppstå brukskonfliktar men det kan gjerast tiltak for å minske risikoen for dette ved til dømes å setje opp skilje mellom klatreparken og løpebana. Det er krav om 0,5 meter sikkerheitsavstand frå løpebane til hindring som til dømes eit gjerde. Grusbana kan ein ikkje ta av då den mellom anna fungerer som parkeringsplass på kampdagar.



Mange kommunar har opplevd å få anbod som ligg mykje over dei tilboda som var henta inn i starten av prosjektet. Grunnen til dette er samansett. Vi har og hatt ei anbodsrunde som vi måtte avlyse på grunn av at vi ikkje fekk på plass grunnspørsmålet. Der og var anbodet noko høgare enn det som vi hadde henta inn pris på i samband med utarbeiding av saksdokumentet.

Vi bør velje å bruke heilstøypt fallunderlag i anlegget. Det vil føre til at det er mindre behov for vedlikehald. Det vil koste om lag 400 000 kroner meir å legge heilstøypt fallunderlag enn å bruke til dømes bark. Dette vil vere ekstra viktig dersom ein skal plassere den tett opp til løpebana på Måløy stadion på grunn av at barken vil kunne bli blåst utover løpebana. Ved å velje denne type underlag vil ein og få eit meir universelt utforma anlegg der til dømes dei med som brukar rullestol kan bevege seg inn i parken. Anlegget vil og vere lett tilgjengeleg frå parkeringsplass.

Det finst fleire tilbydarar av klatreparkar og dei har ulike system/måtar for å montere opp parken. Området på Måløy stadion er plant og grunnarbeidet vil derfor vere billigare enn å etablere anlegget på ei tomt som ligg i skrått terreng.

Investeringsprosjekt«4043 Klatrepark i Vågsøy» er i dag godkjent innafor ei investeringsramme på kroner 750.000 eks. mva. Finansierast med kroner 250.000 i tilskot og kroner og 500 000 i ubrukne lånemidlar frå tidlegare år. I økonomiplanen leggast det inn utbetaling av spelemidlar i 2017 med tilsvarande tilbakeføring av låneopptak.

For å få minst mogleg vedlikehald og hindre at fallunderlag bles utover så bør vi velje heilstøypt fallunderlag i klatreparken. Investeringsramma må då aukast opp frå 750 000 kroner til 1 250 000 kroner.

Finansiering:

Tilskot frå Sparebankstiftinga	250 000 kroner
Tippemidlar	300 000 kroner
<u>Eigenkapital Vågsøy kommune</u>	<u>700 000 kroner</u>
<u>Totalt</u>	<u>1 250 000 kroner</u>

Det betyr at bruken av dei ubrukne lånemidlane må aukast opp frå 500 000 til 1 000 000. Når spelemidlane vert utbetalt vil det bli ei tilbakeføring av låneopptak.

Ut frå ei totalvurdering tilrår rådmannen at klatreparken vert etablert på Måløy stadion. Prosjekt 4043 - Klatrepark i Vågsøy, aukast opp med 500 000 kroner, finansiert ved ubrukne lånemidlar frå tidlegare år.

Prosjektet er blitt etter dette høvesvis dyrt, men rådmannen registrerar at dette har vore eit politisk ynskja tiltak.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	047/15
Formannskap	19.11.2015	
Kommunestyre	10.12.2015	

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 08/593	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	-------------------------------	---

## Måløyraidet opplevingscenter - søknad om økonomisk støtte til heis i Heradsheim

### Rådmannen si innstilling

Søknaden frå stiftinga Måløyraidsenteret vert ikkje imøtekomen.

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalet la fram sitt forslag til tillegg til rådmannen si innstilling:

1. Oppvekst- og kulturutvalet stiller seg positiv til etablering av Måløyraidsenteret.
2. Avtalen datert 29.06.2015 mellom stiftelsen Måløyraidsenteret og Vågsøy kommune regulerer Vågsøy kommune sitt økonomiske engasjement i Måløyraidsenteret.
3. Oppvekst- og kulturutvalet viser til inngått avtale mellom partane og sluttar seg til rådmannen si innstilling.

### Votering

Rådmannen si innstilling med tillegg av pkt 1, pkt 2 og pkt 3 samrøystes vedtatt.

OK-047/15

#### Vedtak:

1. Oppvekst- og kulturutvalet stiller seg positiv til etablering av Måløyraidsenteret.
2. Avtalen datert 29.06.2015 mellom stiftelsen Måløyraidsenteret og Vågsøy kommune regulerer Vågsøy kommune sitt økonomiske engasjement i Måløyraidsenteret.
3. Oppvekst- og kulturutvalet viser til inngått avtale mellom partane og sluttar seg til rådmannen si innstilling.

Søknaden frå stiftinga Måløyraidsenteret vert ikkje imøtekomen.

## Bakgrunn for saka

Stiftinga Måløyraidsenteret har søkt Vågsøy kommune om å få dekkta utgifter i samband med at dei skal setje inn heis i Heradsheim.

## Saksopplysningar / fakta

Stiftinga har i fleire år arbeidd for å få etablert eit krigshistorisk senter i Heradsheim. Stiftinga søker no Vågsøy kommunen om økonomisk støtte til å setje inn heis i Heradsheim. Stiftinga søker om 1 300 000 kroner eks mva. Som vedlegg til søknaden ligg det ved eit pristilbod på 1 237 000 kroner eks. mva for å setje etablere heis i Heradsheim. Det er og teke nokre forbehold i pristilbodet.

Heisen er tenkt sett opp på sørsida av Heradsheim. Heisen vil gå over alle dei 4 etasjane og ha ein kapasitet på 8 personar.

I søknaden står det at store deler av denne investeringa vert spart inn att ved at det vert mindre forsikringspremie å betale for Vågsøy kommune når stiftinga får montert opp varslingsanlegg for brann med direkte tilkopling til alarmsentralen.

### Forsikring:

Vågsøy kommune betalar kroner 7.999 i forsikring for Heradsheim i 2015. Sjølv om det skulle bli noko redusert premie ved det omtalte sikringstiltaket blir summen likevel marginal i og med at utgangsbeløpet er lågt.

### Investering:

Med ein avskrivings-/avdragstid på 40 år vil det i tillegg til investeringa på 1,3 million påløpe renter på kroner 660.000. Rentekostnad fyrste år kroner 32.300 og gjennomsnittlig rentekostnad kroner 16.500.

#### Føresetnad for kalkulering:

Avskrivings-/avdragstid 40 år

Serielån med rente 2,5 %

Søknaden frå stiftinga og pristilbodet på heis ligg ved saka.

Det er ikkje søkt om bruksendring for Heradsheim eller byggeløyve til tiltaket. I denne omgang er det snakk om å få finansiering på plass.

I sak K- 040/15 står det under vurderingar «Det har vore teke opp kostnader med bygging av utvendig heis. Kommunal deltaking i dette må ein i tilfelle kome attende til om det blir aktuelt. Dette vil vere ei oppgradering av bygget som vil auke bygget sin verdi.»

## Vurdering / konsekvensar

For å få eit universelt utforma bygg er heis heilt nødvendig.

Vågsøy kommune og Stiftinga har inngått ei avtale om overtaking av Heradsheim.

Avtaleteksten er basert på det som formannskap og kommunestyret har lagt til grunn tidlegare.

Stiftinga overtek Heradsheim i den stand bygget har og tek over alt økonomisk ansvar. Stiftinga har ansvaret for å tilpasse og opparbeide bygget til nødvendig standard.

Avtaleteksten er basert på at kommunen framleis skal vere eigar av bygget, og tiltrer bygget om senteret blir avvikla eller av andre årsaker flyttar frå bygget.



Kommunen sitt engasjement vert i framtid avgrensa til det som er vedteke, plassering av turistinformatjon til senteret og fri husleige. I tillegg dekker kommunen bygningsforsikring og kommunale avgifter.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
176262	Søknad om dekking av utgifter til heis
176263	Tilbud Heis.pdf

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	21.02.2008	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om støtte Måløyraidsenteret
2	I	15.09.2008	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Måløyraidsenteret - vilkår for løyving
8	I	25.05.2009	Helge Hjelle	Oppsigelse som prosjektleder
7	I	10.06.2009	Jan E. Holvik	Stiftelsen Måløyraid senteret. Årsberetning til Vågsøy kommune for år 2008
9	I	24.06.2009	Tuva Løvland Linge og Jan Herman Linge	Signert avtale mellom Vågsøy kommune og Jan Herman Linge og Tuva Løvland Linge
10	U	25.11.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Økonomisk støtte til Måløyraid-senteret
11	U	27.12.2010	Stiftelsen Måløy-raid senter v/Jan E. Holvik	Søknad om utsettelse med bruk av Heradsheim til Måløyraid-senter
17	I	02.02.2011	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Ad søknad om tilskot til Måløyraidet opplevingssenter - kopi av brev Stiftinga Måløyraidsenteret
18	I	23.02.2011	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Svar vedr. møte om Måløyraidet opplevingssenter
13	I	15.04.2011	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Måløyraidsenteret - møte 29.04.2011
14	U	24.06.2011	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Spørsmål om om framlegging av redusert prosjekt
3	I	24.06.2011	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Kopi av brev til Måløyraidsenteret om redusering av prosjektet
19	I	03.01.2012	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Ad søknad om tilskot til Måløyraidsenter
15	U	19.06.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Økonomisk støtte til Måløyraid-senteret
16	I	25.07.2012	Stiftelsen Måløyraidsenteret	Måløyraidsenteret - bruk av Heradsheim
4	U	24.08.2012	Det kongelige forsvarsdepartement	Søknad om økonomisk støtte til Måløyraidsenteret
20	I	26.10.2012	Stiftelsen Måløyraid Senteret /Terje Sølvberg	Måløyraidsenteret og bruk av Heradsheim
22	I	16.01.2013	Sogn og Fjordane	Svar - Søknad om delfinansiering av

			fylkeskommune Kulturavdelinga	Måløyraidsenteret i Måløy
24	I	23.01.2013	Det kongelige forsvarsdepartement Sogn og Fjordane	Støtte til Måløyraidsenteret - Svar på søknad om midlar
23	U	28.01.2013	fylkeskommune Fylkesrådmannen	Økonomisk støtte til Måløyraid-senteret
27	I	29.05.2013	Stiftelsen Måløyraid Senteret	Signert intensjonsavtale mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Måløyraidsenteret
26	I	13.08.2013	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Svar vedrørende saka om Måløyraidsenteret - Politiske vedtak - Hjelp frå fylkeskommunen - Saksgang
28	I	04.10.2013	Det kongelige forsvarsdepartementet	Måløyraidsenteret og tildeling av støtte fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune etter at støtten ble gitt av Forsvarsdepartementet
29	I	22.10.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune Kulturavdelinga	Svar fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune om Søknad om delfinansiering av Måløyraidsentret
30	U	25.10.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om investeringstilskudd til Måløyraidsenteret
31	U	10.12.2013	Måløyraidsenteret	Bekreftelse - Oppbygging og drift av Måløyraidsenteret
33	I	11.12.2013	Stiftelsen Måløyraid Senteret	Presisering av avtale rundt lokaler - Måløyraidsenteret
34	I	21.01.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Svar på søknad om investeringstilskot til Måløyraidsenteret
35	I	28.01.2014	Det kongelige forsvarsdepartementet	Måløyraidsenteret - Godkjent tillatelse til å nytte renteinntekter til nødvendig detaljarbeid av senteret
36	I	27.03.2014	Bjørn Willy Øvrebø	Innspill rundt minneparken for Martin Linge
39	I	07.01.2015	Stiftelsen Måløyraid Senteret	Søknad driftsstøtte Måløyraid-senteret
41	U	04.02.2015	Stiftelsen Måløyraid Senteret	Måløyraidet opplevingsssenter - Søknad om driftsstøtte - Melding om vedtak frå Vågsøy kommune
43	U	22.05.2015	Måløyraid Senteret	Framlegg til avtale om ldisponering av Herradsheim
45	X	27.05.2015	Knut Ove Leite	Avtale med Telenor
46	X	03.06.2015		Korrigert avtaleutkast - Avtale om disposisjon av Heradsheim til Måløyraidet opplevingsssenter
47	I	11.06.2015	Gjensidige Forsikring BA	Tilbud forsikring Heradsheim
48	U	29.06.2015	Stiftinga Måløyraid Senteret	Avtale til signering
50	I	29.06.2015	Stiftelsen Måløy-raid senter v/Jan E. Holvik	Signert avtale mellom Stiftelsen Måløyraidsenteret og Vågsøy kommune
52	I	13.10.2015	Helge Berentzen Hjelle	Søknad om dekking av utgifter til heis
54	I	30.10.2015	Sogn og Fjordane Museum	Måløyraidsenteret
55	I	02.11.2015	Sogn og Fjordane Museum	Måløyraidsenteret



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	048/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1286	<b>Saksansvarlig:</b> Dagny-Ann Gangeskar
---	--------------------------------	--

## Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene - Valg av kommunen sine representanter 2015-2019

### Rådmannens innstilling

Oppvekst- og kulturvalget oppnevner følgende representanter i Samarbeidsutvalgene i de private barnehagene 2015-2019:

Barnehage:

Representant:

Pers.varamann:

Fjordly barnehage  
Trollskogen barnehage  
Skarevik barnehage

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalet foreslår følgende representantar i Samarbeidsutvalene i dei private barnehagane.

Barnehage:

Representant:

Pers.varamann:

Fjordly barnehage  
Trollskogen barnehage  
Skarevik barnehage

Iselin Endal  
Sandra Bra Gudnadottir  
Terese Gjerde

Silje Brobakke Svoren  
Bjørn Kristian Eikrem  
Ronny Mobakken

### Votering

Oppvekst- og kulturutvalet sitt forslag samrøystes vedtatt.

OK-048/15

#### Vedtak:

Barnehage:

Representant:

Pers.varamann:

Fjordly barnehage

Iselin Endal

Silje Brobakke Svoren

Trollskogen barnehage  
Skarevik barnehage

Sandra Bra Gudnadottir  
Terese Gjerde

Bjørn Kristian Eikrem  
Ronny Mobakken

## Saksopplysninger / fakta

Oppvekst- og kulturutvalget skal velge representanter med personlige varamenn til Samarbeidsutvalgene i Fjordly, Trollskogen og Skarevik barnehager.

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	U	04.11.2015	Even Halsør; Dag Almenning; Elisabeth Elliott; Stig Arne Solheim; Linda Vika; Kjell-Bjørn Refvik	Samarbeidsutvalg i barnehagene - valg av kommunens representanter 2015-2019



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	17.11.2015	049/15

Endeleg vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/1285	Saksansvarleg: Dagny-Ann Gangeskar
---	-------------------------	---------------------------------------

## Samarbeidsutvala på skulane - val av kommunen sine representantar på Bryggja skule 2015-2019

### Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet vel følgande representant og personleg vara i Samarbeidsutvalet på Bryggja skule for perioden 2015-2019:

Skule:

Representant:

Personleg vara:

Bryggja skule

### 17.11.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalet vel følgande representant og personleg vara i Samarbeidsutvalet på Bryggja skule for perioden 2015-2019:

Skule:

Representant:

Personleg vara:

Bryggja skule

Jetmund Nyvang

Nina Helen Brobakke Midtbø

### Votering

Oppvekst- og kulturutvalet sitt forslag samrøystes vedtatt.

OK-049/15

#### Vedtak:

Skule:

Representant:

Personleg vara:

Bryggja skule

Jetmund Nyvang

Nina Helen Brobakke Midtbø

## Bakgrunn for saka

Det vart i møte i Oppvekst- og kulturutvalet 03.11.2015 foretatt val av utvalet sine representantar i SU på skulane i Vågsøy. Det må takast omval av representantar frå OK-utvalet til Samarbeidsutvalet på Bryggja skule.

## Saksopplysningar / fakta

Oppvekst- og kulturutvalet skal velje representantar og personlege vara i Samarbeidsutvala på Bryggja skule, Holvik skule, Raudeberg skule, Skavøypoll skule, Skram skule og Vågsøy ungdomsskule for perioden 2015-2019.

Representantane på Bryggja skule er også medlem i FAU, og dermed kan dei ikkje vere representatar frå OK-utvalet.

Rektor på Bryggja skule informerte:

«Viser til vedtak OK-035/15

*Ser at representant til SU ved Bryggja skule skal vere Iselin Endal og Silje Brobakke Svoren skal vere personleg vara .*

*Silje Brobakke Svoren sit som leiar i FAU og Iselin Endal er nestleiar i FAU. Begge sit allereie i SU ved Bryggja skule som representantar frå FAU. Dei kan ikkje sitje som representantar både frå foreldre og kommunen.*

*Eg ber om av saka vert teken opp på nytt og at det blir valt nye representantar til SU ved Bryggja skule.*

*Med helsing frå*

*Ranveig Isene»*

Vedlegg:

Dok.nr  
177959

Tittel på vedlegg  
Samarbeidsutval ved skulane

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	04.11.2015	Iselin Ragnhild Endal; Terese Gjerde; Ronny Mobakken; Linda Vika; Stig Arne Solheim; Silje Brobrakke Svoren; Even Halsør; Torstein Hagen; Daniel Gangeskar; Malene Lunde Sætren; Elisabeth Elliott	Samarbeidsutvalg ved skolene - Valg av kommunen sine representanter 2015-2019
3	I	06.11.2015	Bryggja skule	Samarbeidsutval ved skulane

